



Plan for SFO Luster kommune 2015 - 2019

Handsama:

2
0
1
5



Vedteke av Luster kommunestyre
18.06.2015, k.sak 42/15

SFO-PLAN LUSTER KOMMUNE 2015 - 2019

Innhald

| | | |
|---|--|---|
| 1 | Innleiing..... | 2 |
| 2 | Satsingsområde..... | 2 |
| 3 | Status 2014/15 | 3 |
| 4 | Innhald og tilbod..... | 4 |
| 5 | Feriar | 4 |
| 6 | Praktisk informasjon | 5 |
| | Vedtekter for skulefritidsordninga i Luster gjeldande frå 01.08.2015 | 6 |



1 Innleiing

Skulefritidsordninga (SFO) er eit friviljug tilbod før og etter skuletid. SFO er noko anna enn skule. Leik, fritid og kulturaktivitetar er nøkkelord. På SFO vert det sett av mykje tid til frileik. Det er viktig. Leikande born er glade born.

Dei vaksne skal også leggja til rette for planlagde aktivitetar og fellesopplevingar. Borna må få utfalda seg, vera aktive, skapa noko åleine eller saman med andre, ha det sosialt og triveleg. SFO skal vera ein stad der borna har det kjekt i lag. Ei planlagd overrasking kan skapa mykje glede og latter.

Borna skal kjenna seg trygge på SFO. For dei tilsette er det difor ei hovudoppgåve å visa omsorg og passa på borna. God trivsel er eit dagleg mål.

2 Satsingsområde

For perioden 2015–2019 er det to hovudsatsingar for innhaldet i SFO i Luster:

- Fysisk aktivitet
- Praktisk-estetiske aktivitetar

I forarbeidet til denne SFO-planen trekk både borna/føresette og dei tilsette fram om SFO skal vera ein stad der borna er aktive. Det er difor viktig at det vert lagt til rette for mykje rørsle. Fysisk aktivitet kan vera alt frå frileik og rolleleik, å gå turar, fotballturneringar, sykling, klatring til slåball med meir. Fysisk aktivitet gjennom leik er ein hovudprioritet.

Bakgrunnen for val av praktiske-estetiske aktivitetar som satsingsområde er at borna skal kunne få ta del i ein variasjon av aktivitetar og få høve til å uttrykkja seg på ulike vis. Døme på praktiske-estetiske aktivitetar kan vera rollespel, dokketeater, laga film eller fotoutstilling, matlaging, dans, perling, strikking eller formingsaktivitetar knytt til ulike årstider.

I første omgang gjeld satsingsområda for 2 år. Det vert lagt opp til at planen skal rullerast i 2017 og då kan satsingsområde endrast, supplerast og konkretiserast.

Utdanningsdirektoratet om SFO:

Kommunen skal ha et tilbud om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1. – 4. trinn og for barn med særskilte behov for 1. – 7. trinn.

Opplæringsloven gir ikke elevene rett til plass i skulefritidsordning, heller ikke for barn med særskilte behov. Omfanget av kommunens plikter er svært begrenset.

Skulefritidsordningen skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter. Det skal tas utgangspunkt i barnas alder, funksjonsnivå og interesser. Skulefritidsordningen skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemmede barn skal gis gode utviklingsmuligheter.

I opplæringsloven § 9a-5. er elevdeltagelse i forhold til skolemiljøarbeidet regulert. Der står det blant annet at elevene skal engasjeres i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet for helse, miljø og sikkerhet ved skolen. Bestemmelsen gjelder også for skulefritidsordningen.

Det er ikke fastsatt noen normer for areal, men lokaler som brukes til skulefritidsordningen, skal være tilpasset den aktiviteten som drives. Leke- og oppholdsareal skal fremgå av vedtektene for skulefritidsordningen.

Kommunens forpliktelse rekker ikke lenger enn etterspørselen. Ønsker ingen for eksempel skulefritidsordning før skoletid, kan kommunen begrense tilbudet til etter skoletid.

3 Status SFO 2014/15

| SFO-tilbod | Tal barn / opningstid | Anna informasjon |
|---------------------|---|--|
| Skjolden | Tal barn i SFO: 5 0 06.45 – 08.30 | Lagt til skulen der rektor har 8 % administrasjonstid Er i barnehagen om morgonen, på allrommet om ettermiddagen Barna har med matpakke |
| Opningstid | 13.30 – 16.15 11.15 – 16.15 (onsdag) | |
| Luster | Tal barn i SFO: 11 07.30 – 08.30 | Lagt til skulen der rektor har 8 % administrasjonstid Har eige SFO-lokale. Foreldremøte kvart år Enkelt fruktmåltid kvar dag. Varm mat ein gong i veka |
| Opningstid | 13.25 – 16.00 12.40 – 16.00 (onsdag) | |
| Jostedal | Tal barn i SFO: 12 07.00 – 09.00 | Lagt til skulen der rektor har 8 % administrasjonstid Frukost og lite måltid på slutten av dagen Base i samfunnshuset vegg i vegg med barnehagen, om morgonane er SFO saman med barnehagen |
| Opningstid | 13.45 – 16.15 (mån og fre) 14.45 – 16.15 (tys og tor) 12.45 – 16.15 (onsdag) | |
| Indre Hafslo | Tal barn i SFO: 12 07.30 – 09.00 | Lagt til skulen der rektor har 8 % administrasjonstid Eit enkelt måltid kvar ettermiddag Base i klasserommet til småskulen |
| Opningstid | 13.50 – 16.30 (mån og fre) 15.00 – 16.30 (tys og tor) 12.20 – 16.30 (onsdag) | |
| Solvorn | Tal barn i SFO: 7 13.15 – 16.30 | Lagt til skulen der rektor har 8 % administrasjonstid Eitt måltid kvar dag, varmmat ein gong i veka Base i eine klasserommet på skulen + kjøken |
| Gaupne | Tal barn i SFO: 52 | Rektor har 20 % administrasjonstid Ressursperson SFO har 8 % avsett til planlegging og til samarbeidstid med rektor Eiga SFO-avdeling og tilgang til gymsal og aula ved Luster ungdomsskule ettermiddagane Varmt måltid ein gong per veke Frukt/knekkebrød dei andre dagane Nyttar nærområdet mykje i feriar, fjellturar sommarstid og Heggmyrane vinterstid Eige foreldremøte om SFO ein gong i året |
| Opningstid | 07.15 – 09.00 14.00 – 16.00 Feriar og inneklemda dagar 07.15 – 16.00 Stengd siste tre vekene i juli | |
| Hafslo | Tal barn i SFO: 33 | Rektor har 20 % administrasjonstid Ressursperson SFO har 8 % avsett til planlegging og til samarbeidstid med rektor Base i gamle gymnastikksalen, ca. 160 m ² Varmt måltid om lag ein gong per veke Brødmat/knekkebrød/frukt dei andre dagane I feriane er det turar og aktivitetar i nærområdet, matlaging ute, besøk i barnehagane med meir Eige foreldremøte om SFO ein gong i året |
| Opningstid | 07.30 – 08.30 13.30 – 16.30 13.00 – 16.30 (onsdag) Feriar og inneklemda dagar 07.30 – 16.30 Stengd siste tre vekene i juli | |

4 Innhald og tilbod

SFO er organisert på ulike måtar ved dei ulike skulane. Difor vil type aktivitetar og mattilbod også variera noko mellom krinsane. Dei to hovudsatsingane for perioden 2015–2017, *fysisk aktivitet* og *praktisk-estetiske aktivitetar*, er felles for alle skulane. Innhaldet og tilbodet i SFO ved den einkilde skule er beskrive i ein enkel årsplan som skal gjerast tilgjengeleg for dei føresette kvar haust.

Attendemeldingar frå både born, føresette og tilsette peikar på at det er ønskjeleg å dela aktivitetar meir etter alder. Det kan gjerast ved at 6 – 8-åringane har tilbod om ein type leik eller aktivitet medan dei eldste borna på SFO har ein annan type aktivitet meir tilpassa deira ønskje.

Viktige prinsipp for skulefritidsordninga er:

- variasjon i aktivitetar
- at det er mykje leik både i form av frileik, rolleleik og meir organisert leik
- at borna kan vera med og velja aktivitetar
- å bruke nærområdet

I løpet av hausten 2015 skal dei tilsette ved SFO i kommunen gå saman om å laga ein idébank over aktivitetar, overraskingar, leikar og matlaging som kan gjennomførast i SFO i skuleåret og i feriar.



5 Feriar

I feriane i skuleåret, på inneklemde dagar og i sommarferien, er det SFO-tilbod ved Gaupne barneskule og ved Hafslo barne- og ungdomsskule. Dette tilbodet er ope for born frå alle krinsar i kommunen. Det vert sendt ut påmeldingsskriv til føresette i god tid før feriane. Tilbodet i feriane er eit heildagstilbod. Det gjer at borna kan gjera aktivitetar som krev meir tid, t.d. å gå lengre turar i nærområdet / fjellet, ha skidagar med meir. For sommarferien gjeld eigen dagsats som vert fastsett av kommunestyret i samband med vedtak av kommunebudsjettet.

I dei krinsane der SFO er tett kopla til barnehagen – Jostedal, Skjolden, Solvorn – kan det opprettast eit SFO-tilbod i haust- og vinterferien i barnehagen. På same måte som ved ferietilbodet i Gaupne og i Hafslo, vil dette innebere ekstra betaling.

6 Praktisk informasjon

Klede

Alle klede og sko skal vera merka. Borna bør ha uteklede som høver til véret, og dei bør minst ha eitt sett med byteklede på skulen.

Registrering

Borna vert registrerte om morgonen. Det er viktig at føresette/borna seier frå når dei går heim, slik at dei tilsette får registert dette.

Gå-heim-avtale / Når andre hentar

Faste gå-heim-avtalar gjer det lettare for dei tilsette å hjelpe borna til å gå heim til rett tid. Dersom bornet skal hentast av andre enn dei føresette, skal skulen ha melding om dette. Besøksavtalar skal gjerast på førehand og ikkje i SFO-tida.

Måltid

Mattilbodet varierer i dei ulike SFO-tilboda, jamfør tabell punkt 3. Det mest vanlege er at borna får brødmatt eller knekkebrød, eventuelt frukt. Om morgonen er det høve til å eta nistepakke på SFO.

Sjukdom

SFO tek ikkje imot sjuke born eller born med smittefare. Born som ikkje kan vera ute eller delta i vanlege aktivitetar, kan ikkje vera på SFO. Dette gjeld då ikkje born med kroniske sjukdomar. Dersom bornet vert dårleg i løpet av dagen, vert føresette kontakta og bedne om å henta bornet så fort som mogleg.



Vedtekter for skulefritidsordninga i Luster

Gjeldande frå 01.08.2015

§ 1 Grunnlag for vedtektene

Vedtektene for skulefritidsordninga (SFO) er tufta på opplæringslova § 13-7 og særavtale SFS 2201. Vedtektene for SFO i Luster må også sjåast i samanheng med Plan for SFO i Luster kommune 2015–2019.

§ 2 Føremål

SFO er eit friviljug tilbod før og etter skuletid for born på 1.–4. årstrinn og for born med særskilde behov på 1.–7. årstrinn. SFO skal vera ein trygg opphaldsplass for borna, skal gje borna omsorg og tilsyn, leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og vera tilpassa behova til borna og dei føresette. Det skal leggjast vekt på eit godt samarbeid mellom heim, skule og nærmiljø.

§ 3 Eigarskap

Luster kommune eig og er ansvarleg for drifta av SFO i kommunen. Rådmannen er forvaltingsorganet for SFO i Luster kommune. Det er rektor og/eller barnehagestyrar som er tillagt det daglege pedagogiske og administrative ansvaret for SFO.

§ 4 Opptaksmynde

Opptak vert føreteke av rådmannen. Ved klage er rådmannen underinstans, og klagenemnda i kommunen, formannskapet, er klageinstans.

§ 5 Opptakskriterium

I utgangspunktet skal SFO gje plass til alle born som ønskjer å delta i ordninga. Dersom dette skulle visa seg praktisk vanskeleg – til dømes av plassomsyn – gjeld dei same prioriteringsreglane som for barnehageopptak i Luster kommune så langt desse passar. Elles gjeld prinsippet om at yngre born går framfor eldre born.

§ 6 Opptaksperiode og oppseiing av plass

Søknadsfrist for plass i SFO er 1. februar. Påmelding skjer gjennom elektronisk søknadsskjema som ligg på Luster kommune sine heimesider. Føresette treng ikkje søkja kvart år. Når barnet har fått tildelt SFO-plass, har barnet dette til og med 4. årstrinn – eventuelt til og med 7. årstrinn for barn med særskilde behov – eller til plassen vert skriftleg sagt opp.

Oppseiing / endring av plass i SFO skal gjerast med to månaders varsel med verknad frå den 15. i kvar månad. Skriftleg oppseiing skal gjerast gjennom det elektroniske søknadssystemet på Luster kommune sine heimesider. Dersom det let seg gjera praktisk, er det også høve til å ta opp barn i ordninga undervegs i skuleåret.

Det gjeld egne fristar for påmelding til skuleferiar. Dette vert administrert av den einkilde SFO. Påmelding til SFO i sommarferien skal skje før 1. mai.

§ 7 Foreldrebetaling

Satsane for SFO vert fastsett årleg av kommunestyret i samband med årsbudsjettet. Det vert gjeve 25 % søskenmoderasjon. Dersom det er samanfall mellom SFO og leksehjelp, vert det gjeve frådrag for timane med leksehjelp.

Matpengar for SFO kjem i tillegg til gjeldande betalingsattsar. Born har med eigen nistepakke for morgonøkta i SFO. Matsatsen vert fastsett årleg i samband med årsbudsjettet.

For haust-, jul-, vinter- og påskeferien og inneklemda dagar, betalar ein ekstra for timane borna er på SFO utover tilbodet dei ordinært er påmelde til. For SFO-tilbodet i sommarferien ved Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule gjeld egne dagsattsar.

Ved manglande betaling kan kommunen seie opp plassen med 1 månads varsel dersom skuldig beløp ikkje er betalt innan tre veker etter andre purring, eller dersom det ikkje er inngått avtale med kommunen ved økonomiavdelinga om nedbetalingsplan.

§ 8 Leike- og opphaldsareal

Areala både ute og inne, skal vere eigna for føremålet. Skulefritidsordninga bør ha ein eigen base i skulen. Der dette ikkje let seg gjera grunna praktiske omsyn eller lågt barnetal, kan ein eventuelt inngå eit samarbeid med barnehagen. Det skal leggjast til rette for at borna kan ha eit rom for rolege aktivitetar.

§ 9 Opphalds- og opningstid

SFO følgjer i utgangspunktet skuleåret. SFO er ope før og etter skuletid ut frå brukarbehova ved den einkilde skule, og skal tilpassast opningstida til nærliggjande barnehage.

SFO i skuleferiar

Julaftan og nyårsaftan er skulefritidsordninga stengd. Onsdag før skjærtorsdag stengjer skulefritidsordninga kl. 12. Skulefritidsordninga er stengd på planleggingsdagar for SFO-personalet.

- I haust-, jule-, vinter- og påskeferien og på inneklemda dagar, er SFO-tilbodet i kommunen i hovudsak avgrensa til Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule.

Dette tilbodet er ope for born frå alle krinsar i kommunen. I krinsane der SFO-tilbodet er kopla til barnehagen, kan det opprettast eit SFO-tilbod i haust- og vinterferiar i desse barnehagane.

- I sommarferien er det heildags SFO-tilbod ved Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule unnateke dei tre siste vekene i juli då sommar-SFO er stengd. Informasjon om sommar-SFO vert sendt ut til alle føresette i Luster i slutten av april kvart år.
- Born som til vanleg ikkje har SFO-plass, har høve til å kjøpa dagplass ved Gaupne barneskule eller Hafslo barne- og ungdomsskule i feriar og på inneklemda dagar til ein dagsats som er lik satsen ein betalar for SFO i sommarferien.

§ 10 Leiing og bemanning

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for SFO. Det skal minimum vere sett av ein administrasjonsressurs på 8 % ved oppvekstsentra og minimum 20 % ved Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule. I tillegg skal ressursperson for SFO ved Gaupne barneskule og Hafslo barne- og ungdomsskule minimum ha 8 % ressurs til praktisk planlegging og samarbeid med rektor.

SFO skal ha bemanning og kompetanse som er fagleg forsvarleg og minimum i samsvar med lov og avtaleverk. Bemanninga i tal stillingar vert fastsett av rådmannen ut frå talet born i ordninga på skuledagar og på fridagar / i feriar, dagleg opphaldstid og tal born totalt. Ved vurderinga av bemanninga skal det takast særskild omsyn til born med funksjonshemmingar og tal born med særlege behov.

Bruk av tid til planlegging skal koma fram i årshjul / årsplan for skulen / SFO.


Born med særskilde behov har ikkje rett til spesialundervising i skulefritidsordninga fordi skulefritidsordninga ikkje er ein del av grunnskuleopplæringa. I og med at det er ulike reglar som gjeld for grunnskuleopplæringa og for skulefritidsordninga, kan det vera at det einskilde barn si trong for tilsyn kan vera ulikt i undervisinga og i skulefritidsordninga.

§ 11 Forsikring

For SFO gjeld dei same forsikringsordningane som når borna er på skulen. Dei same forsikringsreglane gjeld også til / frå SFO som på veg til skulen / heim frå skulen.



Luster kommune - organisasjonsmodell



Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsstyret (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste representant. Han leiar møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

Rådmannen

Rådmannen leiar administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 10 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, kultur, folkehelse, plan, næring, IKT og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabsleiarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningane.

Kommunale foretak

Lustrabadet KF er organisert som eit kommunalt foretak med eit styre som rapporterar til Formannskapet / Kommunestyret

Tenesteeiningane

Kommunen har 20 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiar som rapporterar til rådmann, då primært til ovannemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har fylgjande oppvekstsenter: Skjolden oppvekstsenter, Luster oppvekstsenter, Jostedal oppvekstsenter, Indre Hafslø oppvekstsenter og Solvorn oppvekstsenter.

2) Kommunen har fylgjande grunnskular: Gaupne skule, Luster ungdomsskule og Hafslø barne- og ungdomsskule (administrerer også Veitastrond)

3) Kommunen har fylgjande barnehagar: Gaupne barnehage, Gamlestova barnehage og Hafslø barnehage.

4) NAV Luster er leia i partnarskap mellom stat og kommune.

Interkommunalt samarbeid

Kommunen har fylgjande interkommunale samarbeid:

- Sogn kulturskule (Leikanger er vertskommune)
- Sogn barnevern (Sogndal er vertskommune)
- SIMAS (IKS)
- Sogn brann og redning (IKS)

I tillegg kjem fleire mindre interkommunale samarbeid